

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 17.08.2015
SAKSHANDSAMAR: Bård Humberset
SAKA GJELD: **Internrevisjonsrapport om innkjøp**

ARKIVSAK: 2015/1411
STYRESAK: **087/15**

STYREMØTE: **21.09. 2015**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.

Kommentarar

Formålet med revisjonsprosjektet har vore å undersøkje om innkjøpsområdet i Helse Vest er underlagt ei målretta og effektiv drift, som etterlever lov- og forskriftsregelverk. Vi har særleg sett på om inngåtte rammeavtaler blir følgt opp og brukt på ein lojal måte.

Hovudkonklusjon: Rapporten viser at Helse Vest ikkje veit i kva omfang rammeavtaler vert brukt, og at ein fjerdedel av aktive rammeavtaler er ulovlege. Vidare viser stikkprøver at kjøp på utgåtte avtaler, eller heilt utan avtale, kan vere svært høg på visse område. Føretaksgruppa har store utfordringar med systemstøtte, interne rutinar, inngåing av nye avtaler og forvaltning av eksisterande avtaler. Det er grunn til å rekne med at ny organisering og ny systemstøtte på innkjøpsområdet vil kunne hjelpe på situasjonen.

Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling 17. juni 2015. Dette blei notert (protokollen er førebels ikkje godkjent):

Oppsummering:

Haakon Totland frå internrevisjonen i Helse Vest gjekk gjennom rapporten og svarte på spørsmål frå revisjonsutvalet. Utvalet var uroa over den situasjonen som kom fram i rapporten, og som har vart ved over tid – med eit stadig etterslep på ulovleg prolongerte kontraktar.

Det vart stilt spørsmål ved kvifor tilsettingar har tatt så lang tid. Utvalet meiner det kan vere grunn til å vurdere ekstraordinær innsats for å rydde unna dei utgåtte kontraktane. Det vart òg stilt spørsmål ved om strategien med å inngå parallelle rammeavtaler med nær sagt alle tilbydarar på ortopediområdet, faktisk er lovleg. I utvalet kom det dessutan fram eit sterkt ønske om å vere tydelegare overfor føretaka på at inngåtte, forpliktande rammeavtaler skal haldast.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.

Konklusjon

Internrevisjonen vil gi ei tilbakemelding til revisjonsutvalet når det er gått ei tid, om oppfølginga i HF-a og RHF-et. Det vil venteleg skje våren 2016. Ei tilbakemelding til styret vil òg bli gitt på høveleg vis.

Vedlegg:

Internrevisjonsrapport om innkjøp